Nr. 860.
På lager hos
SEM & STENERSEN A/S, OSLO
2—42.

Rt 69.

Dagb. nr. 2163/1943.
Nordhordland Sorenskriverembede

# Skyldskifte.

Laur dag den 25 Sept. 1943 heldt me underskrivne, som lensmannen hev nemnt opp, skyldskifte på garden Floksand g.nr. 5 b.nr. 5 med skyld mark 1.40 i Meland herad. Skyldskifte er kravt av Johannes O Fløysand som hev grunnboksheimel til den eigedomen skyldskiftet gjeld[1]).

Menns-oppnemningsbrevet fylgjer. Alle mennene hev gjeve skynsmannslovnad, ~~so nær som[2])~~

Ved tenesta møtte[3]) Seljar og kjøparen Edvard Hansen. Andre interesserte var der ikkje.

Mennene valde til formann Elias Valde

De n fråskilde lut av garden hev desse grensone: [4])

Grenselina tek til med + i berg i parcellens nordre hjørna og går i ein svak bøyning i austleg leid 9 m + i stor stein. Derfrå mot sør 7.2 m + i berg og so litt meir mot vest 4.8 m + i berg. Herfrå mot vest 13.2 m + i berg. Går so i nord-austleg leid 15.3 m tilbake til utgangspunktet.

---

[1]) Skyldskifte kann ikkje godtakast til tinglysing utan den som krev tenesta anten hev grunnboksheimel eller hev dom for at han eig den luten av eigedomen som han vil ha fråskilt (§ 1 i skylddelingslovi).

[2]) Hev nokon av mennene ikkje gjeve slik lovnad som er nemnd i § 20 i lov nr. 1 fra 1/6 1917, skal han skriva under ei utsegn med etternemnde ordlyd fyrr tenesta vert haldi, og utsegni skal sendast til sorenskrivaren saman med skyldskiftet: «Eg lovar at eg i alle saker vil gjera mi teneste som skynsmann samvitsfullt og etter beste overtyding. den 19 N. N.»

[3]) Dersom nokon av grannane eller av dei partane skyldskiftet vedkjem, ikkje møter, må ein her opplysa um det er prova at dei hev fenge varsel, eller når det gjeld grannane, om det er rekna for uturvande å varsla dei (§§ 2 og 8 i skylddelingslovi).

[4]) Sjå §§ 3 og 8 i skylddelingslovi. Grensorne mot granne-eigedomar skal ein ikkje skriva opp, dersom eigaren ikkje er til stades og samtykkjer i det som vert skrive. Skal mennene etter krav frå partane fastsetja sjølve markeskilet, samstundes med at dei sett i skyld (§ 7 i lovi), må dei her nemna det som trengst om det og. Det må ikkje stiftast bruksrett eller servitutt i skyldskiftet utan at heftet er vedteke skriftleg av den som har grunnboksheimelen til den eigedomen heftet skal liggja på (§ 5 i lovi).

R 20